



Statens vegvesen

Meland kommune
postmottak@meland.kommune.no

Tore Johan Erstad

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 15/207980-1	Dykkar referanse:	Vår dato: 22.10.2015
------------------------------------	--	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Dispensasjon frå kommuneplan for frådeling av bustadtomt – Gnr. 14 bnr. 6, Meland kommune

Vi viser til oversendt høyringsbrev dagsett 21.09.2015. Saka gjeld dispensasjon frå LNF-område for frådeling av bustadtomt, eigedom gnr. 14 bnr. 6 i Meland kommune.

Det er kommunen som planmynde som avklarar ein eventuell dispensasjon frå LNF-føremålet. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. I denne saka gjeld dette utvida bruk av avkjørsel. Nedanfor følgjer ei førehandsuttale til dispensasjonsaka.

Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova

I rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest er vegen klassifisert med haldningsklasse 3. For avkjørsla vil det seie at vi normalt bør gje løyve til utvida bruk av bustadavkjørsla dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

I dette tilfellet er avkjørselen i god nok teknisk stand til at utvida bruk vert tillate. Vi har difor ingen vesentlege merknader til kommunen si vidare handsaming av saka.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova

Vi gjer merksam på at grunneigar må søke Statens vegvesen om avkjørsle, og at delingssak ikkje kan gjennomførast før avkjørselsløyve er gitt jf. pbl § 27-4.

Plan og forvaltning – Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Skulstad Marianne
senioringeniør

Kopi
Henning Wilhelmsen, Røyshetvegen 92, 5918 FREKHAUG

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.